

Fra: Mette Robertsen
Sendt: fredag 12. august 2022 10:19
Til: Sigrun Wølstad
Kopi: Eirik Berntsen; Are Frøysland Grande; Bente Kopperdal Hervik;
berit.vik@vlfk.no
Emne: SV: Vedrøyrende nybygg sak: 22/3437 - 22/50314 - Ber om utsett frist

Hei,

Administrasjonen har i dag orientert ansvarleg søker og tiltakshavar om at sakshandsamingsfristen som gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-område knytt til oppføring av ny bustad på gbnr 472/1 Dale, vert utsatt grunna sein innkomme uttale i saka datert i går den 11.08.2022, samt i påvente av mogleg ny uttale som kan ha betydning for administrasjonens vurdering.

Opphavlig sakshandsamingsfrist er i dag, den 12.08.2022.
Med heimel i SAK 10 § 7.3 første ledd, er fristen forlenga med 4 veker.

Uttalefrist vert satt 2 veker fram i tid. Frist for uttale er då den 26.08.2022.

Håper det er i orden.

Vennleg helsing

Mette Robertsen | Rådgjevar Plan og byggesak

Telefon:
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
www.alver.kommune.no



Fra: Sigrun Wølstad <Sigrun.Wolstad@vlfk.no>
Sendt: torsdag 11. august 2022 15:08
Til: Mette Robertsen <mette.robertsen@alver.kommune.no>
Kopi: Bente Kopperdal Hervik <bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no>; Berit Vik
<Berit.Vik@vlfk.no>
Emne: Vedrøyrende nybygg sak: 22/3437 - 22/50314 - Ber om utsett frist

Hei


Grunna ferieavvikling, sein fordeling av saker internt og nye opplysingar frå kulturavdelinga i Alver om moglege automatisk freda gravminne på naboeigedomen, ber me om utsett frist i saken. Dette for å kunne gjennomføre ei kulturhistorisk synfaring.

Er haugane på gnr.471, bnr. 3 gravminne frå førhistorisk tid skal me vurdere om summen og omfanget av tiltaka vil endre området sin karakter/landskapsrom i ein slik grad at dei vil vere utilbørleg skjemmande for dei automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 3. Blir tiltaket vurdert til å vere utilbørleg skjemmande må ein søkje om dispensasjon frå kulturminnelova § 8. For å ta stilling til dette er det behov for ei kulturhistorisk synfaring.

Med helsing

Sigrun Wølstad
Seniorrådgjevar

Seksjon for kulturarv
Avdeling for Kultur, idrett og inkludering



Tlf: 96944535
www.vestlandfylke.no